ALVER
KOMMUNE

Fløysand Va AS
Fløksand 76
5918 FREKHAUG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: Ref.:CVFTE3-<br>Skjemanr.:3934 | Linda Hammersvik Folkestad | 20.05.2021 |
| Vår: 21/3645 - 21/34173 | linda.folkestad@alver.kommune.no | |

# Mellombels svar på rørleggarmelding - gbnr 355/22 Skjelanger

| | |
| --- | --- |
| **Tiltak:** | Tilknyting offentleg vatn, avløp privat - søkt om utsleppsløyve |
| **Byggestad:** | Skjelangervegen 1007 |
| **Tiltakshavar:** | Kari Rougne |
| **Ansvarleg søkar:** | Fløysand VA As |

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 21.04.2021

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tinglyst erklæring om rett til å legge private leidninger over annan manns grunn.
2. Tinglyst erklæring om felles solidarisk ansvar for del av leidningsnett som er felles fram til tilknytingspunkt på kommunal vassleidning.
3. VA kart som viser rørføring frå veggliv til tilknytingspunkt kommunal vassleidning.
4. Vi gjer merksam på at utsleppsløyve skal ligge føre, før søknad om tilknyting til kommunalt vatn kan handsamast.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.06.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, kan saka verte tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen | Linda Hammersvik Folkestad |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fløysand Va AS | Fløksand 76 | 5918 | FREKHAUG |